



## Saksframlegg

<b>Saknr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato</b>
	Kommunestyret	
<b>Sakshandsamar:</b>	Lindås kommune	Ørjan Raknes Forthun
	Arkivnr.: 16/38	Klassering:

### Innbyggjarundersøking II - kommunereforma

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Nordhordland Utviklingsselskap IKS gjennomfører ei samordna innbyggjarundersøking for dei kommunane i Nordhordland som skal ha dette. Lindås deltek i dette.
2. Innbyggjarundersøkinga vert gjennomført i april/mai. Resultatet vert offentleggjort 24. mai.
3. Formannskapet, som styringsgruppe for kommunereforma, godkjenner endeleg opplegg før undersøkinga vert gjennomført.

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### Innleiing

Kommunestyret gjorde i sak 4/16 følgjande vedtak i punkt tre: «Kommunestyret vil i høyringsperioden gjennomføre ein opinionsundersøking. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak om gjennomføring av opinionsundersøking til kommunestyremøte 3. mars 2016»

Det vart gjennomført ein felles innbyggjarundersøking for alle kommunane i Nordhordland tidleg på hausten 2015. Denne var gjort etter at ein foreløpig utgåve av intensjonsavtale mellom Lindås, Meland og Radøy var klar.

Lindås kommune må vurdere tidspunkt for innbyggjarundersøking. Dei kommunane som skal ha folkerøysting skal halde denne 23. mai. Det er semje mellom kommunane i Nordhordland at resultatet av innbyggjarundersøkingar som vert gjennomført våren 2016 ikkje skal offentleggjerast før etter den 23. mai. Undersøkinga bør derfor gjennomførast så nær som råd denne datoen.

Det er nærliggande å spørje om holdning til eit eller fleire alternativ til ny kommune. Konsekvensar av alternativa bør vere kommunisert ut til innbyggjarane før innbyggjarundersøkinga finn stad. Alternativet som omfattar alle kommunane bør vere endeleg før ein utarbeider forslag til opplegg for ein innbyggjarundersøking.

#### Innbyggjarundersøking haust 2015

Innbyggjarundersøkinga inneheldt følgjande spørsmål:

1. I kva grad er du opptatt av spørsmålet om kommunesamanslåing?

2. Kor nøgd eller misnøgd er du med måten kommunen din løyser følgjande oppgåver på i dag?
  - a. Helsetenester
  - b. Barnevern
  - c. Pleie- og omsorgsoppgåver
  - d. Barnehagetilbod
  - e. Skule og skulefritidsordning
  - f. Sakshandsaming av byggesaker
  - g. Tilbod innan kultur, bibliotek, idrett og fritid
  - h. Nærings- og samfunnsutvikling
  - i. Innbyggjarane si mogelegheit til å påverke utviklinga i kommunen (lokaldemokrati)
  
3. Trur du følgjande kommunale oppgåver og mål blir betre eller dårlegare dersom kommunen din gjennom kommunesamanslåing blir ein større kommune enn i dag?
  - a. Helsetenester
  - b. Barnevern
  - c. Pleie- og omsorgsoppgåver
  - d. Barnehagetilbod
  - e. Skule og skulefritidsordning
  - f. Sakshandsaming av byggesaker
  - g. Tilbod innan kultur, bibliotek, idrett og fritid
  - h. Nærings- og samfunnsutvikling
  - i. Innbyggjarane sin mogelegheit til å påverke utviklinga i kommunen (lokaldemokrati)
  - j. Kompetanse i kommunale fagmiljø
  - k. Livskraftige lokalsamfunn
  - l. Di lyst til å engasjere deg i lokalsamfunnet
  
4. Dersom det blir kommunesamanslåing, kor viktig eller uviktig er avstanden frå der du bur til følgjande tenester for deg?
  - a. Helsetenester
  - b. Barnevern
  - c. Pleie og omsorg i heimen
  - d. Pleie og omsorg i institusjon
  - e. Barnehage
  - f. Skule og skulefritidsordning
  - g. Sakshandsaming av byggesaker
  - h. Tilbod innan kultur, bibliotek, idrett og fritid
  - i. Rådhuset
  
5. Folk kan føle ulik grad av tilknytning eller tilhøyring til kommunen eller området dei bur i. I kva grad føler du deg knytt til ...
  - a. Nærområdet ditt
  - b. Kommunen du bur i
  - c. Nordhordland
  
6. Er du for eller mot at kommunen slår seg saman med andre kommunar?
  
7. Dersom det blir ei kommunesamanslåing, kva for alternativ meiner du er best?

Undersøkinga viste at:

1. Lindås kommune har lågast del av innbyggjarane som i svært stor eller stor grad er opptatt av kommunesamanslåing, av kommunane i Nordhordland. (43 %)

2. Innbyggjarane i Lindås kommune er minst nøgd med teneste i kommunen. Kor fornøgd innbyggjarane i kommunane er med tenestene føl systematisk kommunestørrelse.
3. Innbyggjarane i Nordhordland trur at områder knytt til nærings- og samfunnsutvikling (47 % betre) og kompetanseutvikling (52 % betre) vil utvikle seg mest positivt ved ein kommunesamanslåing. 49 % av innbyggjarane trur at moglegheita til å påverke utviklinga i kommunen vil bli dårlegare.
4. Kort avstand til tenestetilbodet er viktig for eit stort fleirtal av innbyggjarane. Aller viktigast er kort avstand til helseteneste (83 %). Berre 34 % meiner det er viktig med kort avstand til barnevernet.
5. For heile Nordhordland er det liten forskjell i kor sterk grad ein føler tilknytning til nærområdet, kommunen ein bur eller Nordhordland. I Lindås er tilknytninga sterkare til nærområdet og Nordhordland enn til kommunen.
6. I Lindås er 51 % for kommunesamanslåing, 36 % er i mot og 13 % veit ikkje. Av dei som har teke stilling til spørsmålet er då 59 % for og 41 % i mot.
7. Omtrent like mange (32 % (alle) og 35 % (LMR)) meiner dei to framforhandla alternativa er best.

### **Innbyggjarundersøking vår 2016**

Arbeidet med kommunereforma har nå kome lengre og det føreligg meir faktainformasjon. Det er ønskeleg å gjennomføre ein ny innbyggjarundersøking for å høre innbyggjarane sine synspunkt knytt til dei konkrete alternativa før endelig vedtak i kommunestyret i juni 2016.

Lindås kommune ønskjer å avtale gjennomføring av ein ny innbyggjarundersøking med Opinion. Lindås kommune ønskjer å samordne gjennomføringa av innbyggjarundersøkinga med dei andre kommunane i Nordhordland. Dette inneber ikkje at undersøkingane må vere like eller må gjennomførast samstundes. Det som uansett må vere felles er at offentleggjeringa skjer etter 23. mai.

Det vil vere ein fordel å ha kome så langt som mulig med omsyn til å ha utredet alle alternativ som kommunane har drøfta, og der konsekvensane av alternativa er kommunisert ut til innbyggjarane, før innbyggjarundersøkinga starter.

### **Om undersøkinga**

Det er mogleg å auke utvalsstørrelsen frå den første undersøkinga, for eksempel frå 500 respondentar til 1 000 respondentar. Den viktigaste grunnen til å gjøre det, vil vere å fange opp tilstrekkelig mange yngre innbyggjarar. Det kan bli gjort analyser på følgjande bakgrunnsvariablar; alder, kjønn og bustad, og i tillegg ein eiga analyse for aldersgruppa 16 – 24 år.

Det er grunn til å tru at innbyggjarane sine svar på fleire av spørsmåla frå den første undersøkinga ikkje har endra seg og at det derfor ikkje er grunn til å stille alle desse spørsmåla på nytt. Det vil dermed blir ein kortare undersøking med spørsmål som gir svar på

- innbyggjarane sitt syn på kommunesamanslåing og dei alternativa som føreligg
- kva konsekvensar innbyggjarane meiner dei ulike alternativa har for tenesteyting, medverknad, næringsutvikling og økonomi.

Via det siste punktet får ein fram kva som er viktig for innbyggjarane ved ein kommunesamanslåing og informasjon om kvifor folk er for/mot ein samanslåing. I tillegg er det mogleg å måle argumenta si styrke.

Følgjande bakgrunnsvariablar er aktuelle i undersøkinga: kjønn, alder, utdanningsnivå, arbeid-/studiesituasjon og butid i kommunen.

**Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost